

LANDBRUKSMUSEET FOR MØRE OG ROMSDAL

2016 JORDVERNKONFERANSEN

Gjermundnes vidaregåande skule, laurdag 21. mai 2016

Program:

Kl. 11.00 Landbruksmuseet opnar for omvisning

Kl. 11.30 Kaffe og registrering
Møteleiar: Kolbjørn Gaustad, styreleiar ved Landbruksmuseet for Møre og Romsdal og Jordvern Møre og Romsdal

Kl. 12.00 Opning av Jordvernkonferansen ved **Geir Inge Lien**, ordførar i Vestnes kommune

Rektor **Aadne Haarr**:
«Gjermundnes landbruksskule gjennom 100 år»

Landbruksdirektør **Frank Madsøy**:
«Jordvern – eit samfunnsansvar»

Stortingsrepresentant **Pål Farstad (V)**:
«Kva er nytt i lovverket?»

Utbyggingssjef i Rauma, **Heidi Skaug**:
«Jordvernet i kommunal arealforvaltning»

Kl. 14.30 Middagspause med servering av ein enkel middagsrett. Etter middagen blir det høve til gruppevis omvisning på landbruksmuseet.

Kl. 15.30 Avd. dir. i Statens vegvesen **Ole Syltebø**:
«Kvar skal vegen gå i framtida?»

Kl. 16.00 «Bybonde i nedbyggingsland». **Wollert Dankert Krohn** og **Øystein Solli** er bønder i Molde og har følt korleis det er å drive bynært landbruk.

Kl. 16.30 Landbruksjournalist **Bjørn Steinar Skarbø** frå Landbruk Nordvest stiller spørsmål til alle Innleiarane.

Kl. 17.00 Avslutning

Arrangør: Landbruksmuseet for Møre og Romsdal i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag og Jordvern Møre og Romsdal

Påmelding: Innan torsdag 19. mai til more.romsdal@bondelaget.no, tlf. 909 54 787

Det er inga deltakaravgift.



JORDVERNKONFERANSEN

**Gjermundnes vidaregåande skule, Vikebukta i Vestnes,
laurdag 21. mai**

Møre og Romsdal i landstoppen

Møre og Romsdal er i landstoppen når det gjeld å ta i bruk dyrka jord til andre formål. Berre dei siste åra er dyrka jord på storleik med 380 fotballbaner teken i bruk til andre formål enn jordbruk på Nordvestlandet.

Dette er bakteppet når vi inviterer til Jordvernkonferansen på Gjermundnes i Vestnes laurdag 21. mai. Målgruppa for konferansen er alle som på ulike måtar er opptekne av jordvern og av at samfunnet har eit bevisst forhold til det å ta vare på dyrka og dyrkbar jord. Dette gjeld til dømes saksbehandlarar i kommunane, politikarar og planutval, bønder og andre som er opptekne av at folketalet aukar og at det difor trengst meir mat.

FAKTA OM JORDVERN

- ▶ Det tek over 10 000 år å skape eit matjordlag på 25 cm.
- ▶ I Norge er berre tre prosent av landarealet dyrka.
- ▶ Det kan dyrkast matkorn på berre ein tredel av det dyrka arealet i Norge. Resten av det dyrka arealet kan brukast til gras eller andre meir hardføre matplantar.
- ▶ Frå gammalt av er byane etablerte i nærleiken av område der det var muleg å dyrka jord.
- ▶ Det er ei nasjonal målsetjing at matproduksjonen skal aukast.
- ▶ I 2014 vart totalt 783 dekar dyrka og dyrkbar jord omdisponerte til anna enn landbruk i Møre og Romsdal. Fylket er dermed i landstoppen når det gjeld bortfall av dyrka jord.
- ▶ Det er vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi med målsetjing om at årleg nedbygging av dyrka mark ikkje skal overstige 4000 dekar. Det er utarbeidd ein eigen jordvernstrategi for Møre og Romsdal.
- ▶ Organisasjonen Jordvern Møre og Romsdal vart skipa vinteren 2016. Den har som målsetjing å samle brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal.

